



**DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Innovasjon Norge
Postboks 448 Sentrum
0104 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/1456-5

3. mars 2022

Statsbudsjettet 2022 - Oppdragsbrev til Innovasjon Norge

I oppdragsbrevet frå Landbruks- og matdepartementet sendt 24. februar er det ein feil i tabellen som syner fordeling av fylkesvise IBU-midlar (s. 6-7). Det har blitt trekt ut for mykje midlar frå tilskotsramma til administrasjons- og gjennomføringskostnader. Fylka vil difor få tildelt noko meir IBU-midlar enn det som gjekk fram av tabellen. Departementet sender difor korrigert oppdragsbrev som erstattar tidlegare oppdragsbrev.

Landbruks- og matdepartementet (LMD) viser til Prop. 1 S (2021-2022) frå departementet, Prop. 1 S Tillegg 1 (2021-2022), og Innst. 77 S (2021-2022). LMD gjev med dette oppdragsbrevet rammer for Innovasjon Noreg (IN) si forvaltning av næringsretta verkemidlar på landbruksområdet for 2022.

1. Oversikt over løyvingar stilt til disposisjon for 2022

For 2022 vil følgjande midlar blir stilt til disposisjon for IN gjennom statsbudsjettet på LMDs område:

Kapittel og post	Ordning	Beløp mill. kroner
1142.78	Omstillingsmidlar pelsdyrnæringa	15,22
1150.50	Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	112,00
1150.50	Investering og bedriftsutvikling i landbruket	879,50
1150.50/1151.51	Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og utvikling ¹⁾	93,50
SUM		1100,22

1) 8,2 mill. kroner er løyvd over kapittel 1151, post 51 og er øyremerka den reindriftsbaserte delen av Utviklingsprogrammet.

Postadresse
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo
postmottak@lmd.dep.no

Kontoradresse
Teatergata 9
www.lmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 874

Avdeling
Landbrukspolitisk
avdeling

Saksbehandlar
Siri Lothe
22 24 92 17

For oversikt over administrasjons- og gjennomføringskostnader for dei enkelte ordningane syner vi til kapittel 6.1.

2. Mål for IN og andre fellesføringar

Vi syner til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) for 2022 for fellesføringar og omtale av IN sin målstruktur.

3. Oppdraget frå LMD

3.1 Landbruks- og matpolitiske mål og prioriteringar

Dei fire overordna måla for landbruks- og matpolitikken knytt til matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar ligg fast jf. Prop. 1 S (2021-2022) for Landbruks- og matdepartementet. Landbruket er ei betydeleg distriktsnæring, tilstades i heile landet. Dei samla verdikjedene er viktige bidragsytarar til busetting, sysselsetting, verdiskaping og for den grønne omstillinga det norske samfunnet er i gang med. Overgangen til ein meir sirkulær økonomi ber med seg at bedriftene må integrere denne tenkinga i heile si verksemd. Auka innovasjonstakt i landbruket og i den tilhøyrande industrien må vektleggast. IN sine delmål om fleire gode grunderar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø, er viktige for å nå måla innanfor landbruks- og matpolitikken. I det enkelte oppdrag vil vektinga av dei tre delmåla variere.

Landbruksoppdraget til IN femnar om verkemidlar som særskilt skal stimulere til modernisering, omstilling og effektivisering i det tradisjonelle landbruket, og auka sysselsetting, vekst og innovasjon innan andre landbruksbaserte næringar. Oppdraget femnar også verkemiddel for å fremje berekraftig reindrift. Vidare femnar oppdraget om verkemidlar som skal stimulere til meir miljøvennlege energiløysingar for sektoren, mellom anna med mål om auka verdiskaping i skog- og trenæringa, samt verkemidlar knytt til teknologiutvikling i landbruket. Departementet legg elles til grunn at landbrukssektoren sine interesser innan den sirkulære bioøkonomien framleis blir vareteke i Bioøkonomiordninga, slik at arbeidet med auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane kan halde fram.

Av utviklingsretta arbeid i tilknytning til INs oppdrag innan landbrukssektoren vil vi særskilt framheve følgjande:

Arbeidet med Matnasjonen Norge omfattar både landbasert- og sjøbasert matproduksjon med kopling til folkehelse, og regional og lokal verdiskaping og omdømmebygging. For å ta ut dette potensialet blir samarbeid på tvers av sektorar, m.a. mellom blå og grøn sektor, og mellom matproduksjon og reiseliv viktig framover. Bygging av sterke mat- og reiselivs-regionar vil vere ein sentral del av Matnasjonen Norge. IN har med sine verkemidlar og regionalt nærvære ei viktig rolle i å bidra til ei god utvikling i dette arbeidet.

Frå både nasjonalt og regionalt hald blir det arbeidd med å legge til rette for urbant landbruk i byar og tettstader. Målet er m.a. å stimulere til auka berekraftig verdiskaping og næringsutvikling. IN kan med sine verkemidlar bidra til å bygge opp under ei god utvikling på dette område som fremjar innovasjon og berekraftige løysingar.

Utbrotet av covid-19 har prega økonomi og samfunnsliv i Noreg og resten av verda, og har trefft landbruksnæringa på ulikt vis. Vi ber IN framleis halde merksemd på konsekvensen av pandemien for landbruket, og ved behov og i dialog med departementet leggje til rette for tiltak innanfor landbruksoppdraget som kan bidra til å ivareta konkurransekrafta til næringa.

3.2 Samarbeid med nasjonale, regionale og lokale aktørar

Det er viktig at det er god dialog mellom verkemiddelaktørane på nasjonalt nivå for best mogleg samordna innsats og god kopling mellom verkemidlar.

Det må etablerast ein god dialog om landbruksoppdraget som kan sikre forankring, prioritering og kopling av verkemidlar og aktørar for å løfte landbruks- og matområdet regionalt og lokalt. Det er difor viktig at IN er godt involvert i arbeidet i regionalt partnerskap beståande av fylkeskommunane, statsforvaltaren, IN sine distriktskontor og næringsorganisasjonane i landbruket. Vi ber om at det blir gjort ei god avklaring mellom IN og fylkeskommunane når det gjeld type prosjekt som blir støtta av dei ulike aktørane.

Regionkontora må ha tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse innanfor landbruksoppdraget, slik at dei kan bidra aktivt til å mobilisere ressursar og utløyse vekstpotensialet regionalt saman med fylkeskommunane og medlemmer av den regionale partnerskapen elles. IN må også støtte kommunane i deira rolle som fyrstelinje for næringsutvikling og særskilt i sakshandsaminga av IBU-midlar. IN skal også ha dialog med statsforvaltaren som fyrstelinje for reindrifta.

4. Nærmare om dei enkelte ordningane

4.2 Omstillingsmidlar for pelsdyrnæringa

IN forvaltar ei ordning med midlar til omstilling for pelsdyroppdrettarar. LMD har fastsett retningsliner for ordninga. Ordninga blir løyvd over kapittel 1142 post 78 som er ein post som kan overførast. For 2022 er det løyvd i alt 15,52 mill. kroner der IN kan disponere 15,22 mill. kroner til omstillingsordninga. Resterande del av avsetninga skal disponerast av Landbruksdirektoratet til tiltak innan arbeidsretta kompetanseheving.

4.3 Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket

Det er for 2022 avsett 112 mill. kroner til Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling over kapittel 1150, post 50. I tråd med føringar frå jordbruksoppgjøret 2021, skal verdiskapingsprogrammet ta eit heiskapeleg ansvar for utvikling av gode klima-, miljø-

og energiløysingar for landbruket. Programmet kan gjennom dette gje eit viktig bidrag til å nå målsettinga i klimaavtala for landbruket. Eit område kor ein kan forvente auka investeringsbehov framover, er i biorestlager og gardsanlegg, gitt målet om auka utnytting av husdyrgjødsel til produksjon av biogass. Verdiskapingsprogrammet skal innrettast slik at det kan bidra til å introdusere ny teknologi og bruk av fornybar energi i landbruket, samt til bruk av ressursar frå landbruket i produksjon av energi for leveranse til andre samfunnssektorar. Hovudtyngda av innsatsen på området bør bli prioritert opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. Bioenergi er framleis hovudprioriteringa i satsinga.

Det er høve til å gje investeringsstøtte til anlegg som kombinerer biovarmeproduksjon med straumproduksjon frå solceller. Det kan også gis støtte til kombinerte el-/varmeanlegg basert på biobrensel, sokalla CHP-anlegg, samt støtte til investering i varmepumper og solenergi til å dekkje energibehovet i eigen landbruksproduksjon. Det skal stillast same krav til lønnsemd som for reine bioenergianlegg. Så lenge det er eit potensial for å auke talet på mindre gardsanlegg for bioenergi, bør slike anlegg bli prioritert. For å bidra til å redusere klimagassutslappa frå jordbruket, vil produksjon av biokull og biogass vere viktig å satse på framover. Produksjon av biokull som sideprodukt til bioenergiproduksjon er eit interessant utviklingsområde. Biogassprosjekt skal vurderast med utgangspunkt i dei vanlege energi- og lønnsemdsriteria. Utover dette skal IN også legge vekt på heilskapleg miljøgevinst av biogassprosjekta.

Programmet omfattar også støtte til utviklings- og utprøvningsprosjekt for å teste ut ny produksjonsteknologi og nye løysingar på gardsnivå som i tillegg til reduserte klimagassutslipp skal bidra til auka konkurransekraft for næringa. Her vil det m.a. vere viktig å kople leverandørindustri og bonde for å utvikle teknologi og løysingar som endå ikkje er "hylleware".

Verdiskapingsprogrammet er eit viktig verkemiddel for å bidra til innovasjon og omstilling frå bruk av fossil til fornybar energi og utvikling av teknologi innanfor grøntsektoren. Det har over fleire år blitt gitt støtte til Norsk Gartnerforbunds energirådgevingsprosjekt som har fått svært gode resultat med si satsing. Det er framleis aktuelt å gje støtte til prosjekt knytt til utvikling av fornybar energi i veksthussektoren, men dette må då vere i form av nye utviklingsprosjekt og ikkje som driftsstøtte til pågåande tiltak.

LMD legg til grunn at IN sikrar samordning mot ENOVA når det gjeld støtte til bioenergi og annan fornybar energi og eventuelt klimaprojekt. Med den fireårige avtala staten har inngått med Enova frå 2021, blir det lagt til rette for at Enova skal vere eit viktigare verkemiddel i å bidra til å nå Noregs klimaforplikting og til omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Prosjekt som kan få støtte over ENOVAs ordningar, vil det ikkje vere aktuelt å støtte over dette programmet. Det er viktig med god samanheng mellom innsatsen innan verdiskapingsprogrammet og øvrig innsats knytt til fornybar energi. I samband med etableringa av Bionova, vil det bli tatt initiativ til ein dialog med IN og ENOVA om innretning og forvaltning av verkemiddel på dette området framover.

Kompetansen og nettverket til statsforvaltaren og fylkeskommunane må utnyttast for å sikre ei koordinert fornybarsatsing under dei regionale næringsprogramma. IN bør legge vekt på å sikre tilfredsstillande aktivitet i alle fylke.

4.4 Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar)

Tilgang på investeringsverkemidlar er ein viktig føresetnad for fornying av produksjonsapparatet i landbruket og framtidig vekst og utvikling i landbruksbaserte næringer. Midla skal bidra til utvikling både innanfor det tradisjonelle landbruket og andre landbruksbaserte næringer. Innanfor INs målbilete bør hovudtyngda av innsatsen innanfor IBU-midla knytast opp mot selskapet sitt delmål om fleire vekstkraftige bedrifter.

I samband med jordbruksoppgjeret 2021 blei det løyvd 679,5 mill. kroner over kapittel 1150 post 50 til investering og bedriftsutvikling i landbruket i 2022. I tillegg til dette blei det gjennom regjeringa sin tilleggsproposisjon til statsbudsjettet jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2021-2022) løyvd 200 mill. kroner ekstra. Auken skal mellom anna gå til små- og mellomstore mjølkebruk for å følgje opp lausdriftskravet. Departementet legg til grunn at delen støtte gitt til investeringar i små- og mellomstore bruk må auke monaleg samanlikna med tidlegare år. Løyvinga er lagt inn i den ordinære fordelingsnøkkelen til IBU-midlane. Denne fordelingsnøkkelen tek mellom anna omsyn til landbruksaktiviteten i fylket og distriktsmessige omsyn. I tillegg er øyremerkinga av midlar til grøntsektoren oppheva, slik at fylka får ei vesentleg større ramme til fordeling i 2022. Vi oppmodar IN og den regionale partnerskapen til å utnytte det handlingsrommet som ordninga legg til rette for. Vi oppmodar vidare IN til å ta ei meir aktiv sparringrolle i samband med prosjekta og søknadane for å få økonomisk berekraftige prosjekt for målgruppa 15-30 kysrbruk. I rapporteringa skal det gå tydeleg fram kor mykje støtte som har blitt prioritert til oppfølging av lausdriftskravet, og under dette særskilt på kor mykje støtte som har gått til små- og mellomstore mjølkebruk.

Av omsyn til dei utfordringane landbruksnæringa står ovanfor når det gjeld omlegging frå bås-fjøs til lausdriftsfjøs, vil det vere behov for å sjå på ytterlegare endringar i verkemiddelbruken på dette området. Departementet ber difor om at IN i sine innspel til jordbruksoppgjeret 2022 legg vekt på korleis verkemiddelbruken kan innrettast framover for å sikre ei lønnsam og berekraftig utvikling i samband med investeringar for små- og mellomstore bruk.

Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling skal leggjast til grunn for forvaltninga av midlane. Følgjande nasjonale føringar for forvaltninga av IBU-midlar skal gjelde for 2022:

- Støtte til investeringsprosjekt som gir auka matproduksjon skal prioriterast til produksjonar med marknadspotensial.
- Det kan gis investeringstilskot til bygging av gjødsellager med fast toppdekke eller minimum 10 månaders lagringskapasitet, samt til biorestlager med fast toppdekke og med kapasitet til sesongbehovet for biorest. Det kan også bli gitt tilskot til anlegg med gjødselseparator. Tilskotet er avgrensa til 25 pst. av godkjent kostnadsoverslag for tiltaket med ei øvre grense på 200 000 kroner per prosjekt.

- Prosjekt med energi- og klimaeffektive løysingar skal prioriterast. Ved bruk av tre som byggemateriale, kan det i tillegg gjevast eit tilskot på inntil 20 pst. av innvilga tilskot etter § 3 c, fyrste ledd i forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket, avgrensa oppover til 400 000 kroner. Det skal takast omsyn til graden av trebruk i prosjektet ved utmåling av tilskot.
- Støtte til frukt-, grønt- og veksthusnæringa skal prioriterast. Det kan bli gitt tilskot til investering, kompetanse- og produktutvikling til produsentar i grøntnæringa. Nye produsentar bør prioriterast ved marknadsvekst. Småskala produksjon av grønsaker, frukt og bær er ein del av målområdet.
- I kornproduksjonen skal tilskot til tørke- og lageranlegg prioriterast.
- I vurderinga av lønnsemd i investeringsprosjekta må det takast omsyn til det samla næringsgrunnlaget på bruket.
- Ulike eigarformer skal likestillast ved prioritering mellom søknader.
- Små og mellomstore bruk skal prioriterast ved tildeling av støtte. Innan mjølkeproduksjon er det særleg behov for å prioritere fornying av fjøs med 15–30 kyr.
- Det skal takast omsyn til nye krav til dyrevelferd og behov for fornying av driftsapparatet. Økologiske produsentar som må gjere større investeringar som følgje av endra krav knytt til implementering av EUs økologiregelverk, skal prioriterast.
- Det kan bli gitt inntil 100 mill. kroner i risikolån. Tapsavsetjinga skjer innanfor ramma av IBU-midlane.
- Strategiske føringar frå den regionale partnerskapen er avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar og mellom ulike område i den enkelte regionen/fylket. Faglagane skal inngå i dei regionale partnerskapa.
- Maksimal prosentsats for tilskot til investeringar blir vidareført med inntil 35 pst. av godkjent kostnadsoverslag for investeringa. Den øvre grensa for tilskot på 2 mill. kroner per prosjekt, med unntak for Troms og Finnmark, blir òg vidareført.

Regionalt partnerskap beståande av fylkeskommunen i samarbeid med IN, statsforvaltaren, næringa mfl., legg strategiske føringar for bruken av midla regionalt.

IN har ut over dette høve til å fastsette enkelte sakshandsamingsstandardar for ein meir einskapleg sakshandsamingspraksis. IN har også moglegheit til å gje støtte til bedriftsretta fellesskapsprosjekt over desse midla. Fordelingsnøkkelen er vidareført også i 2022, jf. tabell nedanfor.

Fylke	Mill. kroner
Viken	97,40
Innlandet	127,20
Vestfold og Telemark	56,30
Agder	50,20
Rogaland	66,80
Vestland	117,20
More og Romsdal	61,50
Trøndelag	130,50
Nordland	59,60

Troms og Finnmark	68,10
SUM*	834,80

* Totalsum ekskl. avsetning til administrasjons- og gjennomføringskostnader på 44,7 mill. kroner jf. pkt. 6.1.

Enkelte fylke opplever mellom år større pågang etter investeringstilskott enn andre. LMD vil ved behov foreta ei omfordeling av unyttta rammer i løpet av 2022. Vi ber om at IN innan 1. juni 2022 gjer ei vurdering av om det bør gjerast ei omfordeling eller ikkje.

IN har ansvaret for kåringa av årets bedriftsutviklar i landbruket (bedriftsutviklingsprisen), og kan nytte IBU-midlar til dette tiltaket etter nærmare dialog med departementet.

4.5 Utviklingsprogrammet - landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping

IN forvaltar 85,3 mill. kroner til Utviklingsprogrammet for 2022 over jordbruksavtala kapittel 1150 post 50 og 8,2 mill. kroner over reindriftsavtala, kapittel 1151 post 51 til den reindriftsbaserte delen av programmet. IN bør prioritere hovudtyngda av innsatsen sin på dette området opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. Innanfor delmålet om fleire innovative næringsmiljø bør ambisjonane om innovative og vekstkraftige regionar og meir samarbeidsorienterte bedrifter vektleggast.

Utviklingsprogrammet skal utviklast i tråd med føringane gitt i årets jordbruksoppgjjer og i reindriftsavtalen 2020/2021, samt styringsgruppa sine signal. IN er sekretariat for styringsgruppa til Utviklingsprogrammet. Det kan framleis vere naudsynt å vidareføre dei tilpassingane som er gjort i programmet i samband med pandemien. Dette skal avstemmast mot styringsgruppa på same vis som til no.

Verkemidla i Utviklingsprogrammet og innretninga skal bidra til å nå sentrale mål om næringsutvikling innan til dømes lokalmat, reiseliv, Inn på tunet m.m. Regjeringa vil fortsetje innsatsen for å byggje og vidareutvikle Noreg som ein matnasjon og har ambisjonar om mellom anna å stimulere til auka produksjon og omsetnad av lokalmat og -drikke og økologisk mat. Matnasjonen Noreg skal fortsetje å vere i ei sams ramme for utvikling innan mat og drikke, med sterke koplingar til politikken for reiselivsnæringa. Sterke mat- og reiselivsregionar er utgangspunkt og byggjesteinar for Matnasjonen Noreg og den vidare innsatsen her må utformast i tett samarbeid med dei regionale partnerskapa.

Berekraftig utvikling i reiselivet

Regjeringa har signalisert oppfølging av fleire forslag i Nasjonal reiselivsstrategi 2030, og det landbruks- og reindriftsbaserte reiselivet vil naturleg inngå i dette. Stimulering til sterke mat- og reiselivsregionar og berekraftige destinasjonar og bedrifter er viktig for eit framtidsretta og konkurransedyktig reiseliv. Dei mange små og mellomstore landbruks- og reindriftsbaserte bedriftene kan fylle nisjar og etterspurnad etter skreddarsydde og autentiske opplevingar, og ikkje minst tilby mat- og drikkeopplevingar som utnyttar alle sesongar og regionale og lokale

særpreg. Regjeringa ynskjer at destinasjonsselskap og regionalt samarbeid skal sikre grunnlaget for dei lokalt forankra reiselivsbedriftene. Det er difor viktig at også dei landbruks- og reindriftsbaserte bedriftene oppmodast til samarbeid, kompetanseheving og digitalisering som styrker reiselivet som heilskap.

Auka verdiskaping og vekst i Inn på tunet

Det er ei aukande interesse for å tilby Inn på tunet-tenester. Det er viktig med god dialog med næringa om utvikling av innhaldet i tenestene, gode samarbeidsformer og tilpassa kurs innan bedrifts- og marknadsutvikling. IN deltek i referansegruppa for Inn på tunet-løftet 2 og faggruppa til Norsk Mat og må rekne med å bidra i dette samarbeidet framover.

Auka verdiskaping basert på haustbare viltressursar

Det ligg eit potensial for auka verdiskaping gjennom berekraftig og meir aktiv forvaltning av dei haustbare viltressursane. Dette kan vere tiltak og aktivitetar som omfattar m.a. etablering og vidareutvikling av jaktprodukt med ulik profil og tilrettelegging, og foredling og omsetnad av viltkjøt. Utviklingsprogrammet er eit viktig verkemiddel for oppfølging av handlingsplanen for auka verdiskaping basert på haustbare viltressursar.

Aktiv innsats på reinområdet

IN skal framleis ha ein aktiv innsats og god tilrettelegging overfor reinkjøttbedriftene, og dessutan stor merksemd på å få fram potensialet på reinområdet gjennom utviklingsprogrammet og resten av IN sitt verkemiddelapparat. Arbeidsmetodikken som blir nytta for bruk av midla over reindriftsavtalen skal vidareførast. Departementet viser til at reindriften har nokre særskilte rammevilkår. Reindriften er ei urfolksnæring, som er unik både i nasjonal og internasjonal samanheng, og er viktig for samisk kultur og har heilårs beitedrift. Desse tilhøva stiller særskilde krav til individuell oppfølging og bedriftsbesøk.

I reinkjøttbransjen er det mange mindre bedrifter, og middel til marknadsføring av eigne produkt er avgrensa. Deltaking på matarrangement medverkar til auka merksemd kring reinkjøttprodukta frå bedriftene. Utover ei marknadsføring av eigne produkt vil ei deltaking også bygge kompetanse i bedriftene. «Det norske måltid» er ein slik arena. Markedsutvalget skal saman med Utviklingsprogrammet orientere bedriftene om denne konkurransen, og jobbe for at reinkjøttet er godt representert når juryen gjer sitt arbeide. Det bør være et mål at minst eit reinprodukt går vidare til finalen i 2022. Dei siste åra har fleire reinkjøttbedrifter fått høve til å stå på stand under paraplyen "Rein – helten på vidda" under ulike typar arrangement. I tillegg til at dette har vore gode omdømetiltak, har dei også vore sentrale for å bygge kompetanse hjå bedriftene som har delteke. Reindriften si deltaking har hatt positiv medverknad i utviklinga av Matnasjonen Noreg, til å løfte omdømmet for reindriften, og ikkje minst medverka til auka kunnskap om reindrift og reinkjøttet. For at fleire reinkjøttbedrifter skal få høve til å delta på denne typen arrangement skal IN, saman med Markedsutvalet, vurdere deltaking også på andre arrangement. Ein føresetnad er at reinkjøttbedriftene står på felles stand.

Reindrifta blir i aukande grad nytta i marknadsføringa av Noreg som turistland. Det reindrifftsbaserte reiselivet kan vere ei stor moglegheit som ei tilleggsnæring i reindrifta. Samstundes er det heilt sentralt at det reindrifftsbaserte reiselivet skjer på reindrifta sine premissar, og i samsvar med føresegna i reindrifftslova. Departementet ber derfor om at Utviklingsprogrammet har auka merksemd på dette satsingsområdet framover. Forretningsutvikling, produktutvikling og marknadsutvikling er viktig både for etablerte reinkjøt- og reiselivsbedrifter og nyetablerte reiselivsbedrifter.

Ut på vidda og turisme blir drive i kombinasjon av fleire reindriftsfamiljar. Statsforvaltaren i Troms og Finnmark sitt arbeid med lærings- og omsorgsbaserte tenester skal samordnast med IN sitt arbeid med Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindrifftsbaserte tenester.

Vi viser elles til IN sine tilrådingar til målretta tiltak for avtaleåret 2021/2022, som vart gjeve som innspel til forhandlingane om Reindrifftsavtala 2021/2022. Det er ein føresetnad at den generelle arbeidsmetodikken for programmet blir vidareført på reindelen av utviklingsprogrammet.

Det er gjort fleire evalueringar av ordningane innanfor Utviklingsprogrammet dei siste åra. Dei har i stort synt at ordningane bidreg i tråd med målsettingane i programmet. Det er viktig å engasjere dei regionale partnerskapa. Programmet må marknadsførast på ein slik måte at pågang av relevante og gode prosjektsøknader frå alle regionar og frå alle sektorane som er dekkja av programmet blir sikra. Her må m.a. formidling av resultat frå avslutta prosjekt, både til næringa og relevante aktørar, stå sentralt.

Auka synleggjering og omdømmebygging

Ein viktig del av Utviklingsprogrammet er prosjekt og tiltak som bidreg til auka synleggjering og omdømmebygging innanfor alle målgrupper. Den samla omdømmereporteføljen er til vurdering av styringsgruppa for programmet med mål om å målrette og vidareutvikle prosjektporteføljen og sjå innsatsen betre i samanheng. Omdømmereporteføljen må mellom anna vurderast opp mot måla for å byggje Matnasjonen Noreg, eksisterande og kommande strategiar for reiseliv, strategi for urbant landbruk og ei synleggjering av Inn på tunet/Inn på tunet-løftet 2. Det må òg vere ei god kopling til arbeidet med bygging av sterke mat- og reiselivsregionar.

Frå 2020 er Det norske måltid (DNM) ein av dei nasjonale satsingane i omdømmearbeidet i Utviklingsprogrammet på line med IGW og Matstreif. Støtteandelen til prosjektet er auka. IN og DNM skal fortsetje den langsiktige utviklinga av konkurransen.

Den norske standen på Internationale Grüne Woche (IGW) er den viktigaste markeringa av norsk mat og reiseliv i utlandet som LMD er involvert i. IGW er ein viktig arena og møteplass for å etablere nettverk mellom næringslivsaktørar og for å bidra til forsterka regionalt samarbeid på mat- og reiselivsområdet. IN har det operative ansvaret for prosjektet i tett dialog med departementet.

For 2022 skal det jobbast med eit alternativt opplegg for IGW i og med at det heller ikkje i 2022 blir arrangert ei ordinær messe grunna pandemien. Arbeidet må skje i tett dialog med dei regionale aktørane som er involvert i prosjektet. Målet er å få på plass eit opplegg for IGW for 2022 som byggjer på innsatsen som er lagt ned i regionane og som samstundes kan leggje grunnlaget for deltaking i 2023. Det er uvisst korleis messa skal gjennomførast i 2023 og korleis Noreg si deltaking vil bli. Det er naudsynt med nær dialog mellom IN, regionane og LMD om dette.

Matstreif er ein viktig nasjonal arena for å synleggjere mangfaldet av norsk lokalmat. IN har det operative ansvaret for gjennomføring av matfestivalen. LMD ber IN om å involvere andre sentrale aktørar i verdikjeda for matproduksjon i planlegging og gjennomføring av arrangementet. Prosjektet skal organiserast med ei referansegruppe. I 2022 skal IN, i dialog med departementet og relevante partar, arbeide med vidareutvikling av Matstreif. I vurderinga skal ein mellom anna sjå nærare på koplingane til IGW, og dei regionale matfestivalane.

I 2020 og 2021 blei det gitt støtte til Bondens marked og Norsk Gardsost over programmets ramme på hhv. 2 og 1 mill. kroner. Eventuell vidareføring av denne støtta til desse organisasjonane må sjåast i samanheng med øvrig støtte desse organisasjonane får over programmet. Slik støtte må vere prosjektbasert og bidra til utvikling av organisasjonane og tilbodet dei gir til bedriftene dei arbeider for. Det blir ikkje gitt driftsstøtte over Utviklingsprogrammet sitt budsjett.

4.6 Lån til landbruksføremål innanfor lågrisikolåneordninga (kapittel 2421 NFD)

IN kan som tidlegare gje lån til landbruksføremål innanfor ramma for Lågrisikolåneordninga over NFD sitt budsjett. Det er viktig at IN i si rapportering og statistikkføring framleis opprettheld eit skilje mellom bustadføremål og næringsføremål.

5. Administrative fellesføringar

Departementet viser til dei administrative fellesføringane i oppdragsbrev for 2022 frå NFD, irekna føresetnader og krav samt føringar knytt til administrative forhold, rapportering og evaluering. Vi ber særskilt IN vere merksame på at det, jf. rapporteringskalender frå NFD, blir bedt om ein kort beskriving av IN sitt system for kontroll med at tildelte midlar er nytta i samsvar med krav og regelverk for støtta, samt ei orientering om eventuelle særskilde kontrolltiltak som er iverksett i løpet av året.

6. Departementsspesifikke administrative føringar

6.1 Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Den enkelte oppdragsgjevar skal dekke alle administrasjons- og gjennomføringskostnader utover basiskostnadane for sine oppdrag, med unntak for aktivitetar som skal vere sjølvfinansierande. Selskapet sine basiskostnader vert dekkja av løyvinga over NFD sitt budsjett

kap. 2421, post 70. For ordningar som IN forvaltar for LMD skal administrasjons- og gjennomføringskostnadane spesifiserast på kvart program/ordning. Rapport for administrasjons- og gjennomføringskostnader (AG-kostnader) skal vere klar til kvart halvårsmøte mellom LMD og IN.

Det er gjort ein gjennomgang av AG-kostnadane for 2022 med bakgrunn i vurderingar og innspel frå IN. I vurderingane er det også tatt omsyn til unytta rammer frå 2021. Om vesentlege endringar i oppgåveportefølja i løpet av året skulle føre til risiko for at rammene blir overstige, ber vi om at IN tek kontakt med departementet.

AG-kostnader for 2022 går fram av tabellen under, mill. kroner:

Ordningar og oppdrag	AG-kostnader 2022	Risikobuffer	Finansiert frå Ramme 2022
IBU-ordninga	50,6	0,9	44,7
Utviklingsprogrammet/JA	9,5	0,3	6,6
Utviklingsprogrammet/RA	1,7	0,2	1,6
VSP fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	6,0	0,2	5,7
Bioøkonomiprogrammet	0,0	0,0	0,0
Omstilling pelsdyrnæring	0,4	0,0	0,0
Kundeeffektundersøking	0,0	0,0	0,0
SUM	68,2	1,6	58,6

AG-kostnadane for IBU-ordninga inkluderer også dekking av dei fylkesvise BU-prisane og den nasjonale BU-prisen. Når det gjeld AG-kostnader til omstilling pelsdyrnæring, så var det eit mindreforbruk på 0,8 mill. kroner i 2021. LMD legg til grunn at 0,4 mill. kroner av desse kan nyttast til AG-kostnader i 2022, medan øvrig mindreforbruk kan nyttast til å innvilge nye tilskot over ordninga.

Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til IGW og Matstreif skal trekkjast frå løyvinga til Utviklingsprogrammet for vekst og verdiskaping, og kjem i tillegg til kostnadane for programmet som er synleggjort i tabellen ovanfor. Årlege budsjett over prosjekt-kostnadane til desse to prosjekta skal godkjennast av LMD etter innspel frå styringsgruppa.

6.2 Utbetaling, rapportering og styringsdialog

6.2.1 Overføring av midlar, rekneskapsføring og rapportering

Landbruksdirektoratet har det administrative hovudansvaret for Landbrukets utviklingsfond (LUF), jf. St.prp. nr.1 Tillegg nr. 3 (1999-2000). For ordningar under LUF som blir forvalta av

IN, er det lagt opp til periodisk overføring (4-6 ganger per år) av midlar frå fondet. Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til kvar ordning blir utbetalt separat frå resten av ramma til ordninga. IN utbetalar og fører rekneskap for tilskot/lån og mottek og fører rekneskap for inntekter frå avdrag på lån. IN må vidareføre kontakta med Landbruksdirektoratet når det gjeld rekneskap og overføring av midlar.

Landbruksdirektoratet har også det administrative hovudansvaret for Reindriftas utviklingsfond (RUF). For løyvingar frå RUF, skal det også leggjast opp til periodisk overføring av midlar frå Landbruksdirektoratet til IN (2 gonger per år). Utbetalinga vil skje etter utbetalingsoppmoding frå IN.

6.2.2 Rapportering

Det skal rapporterast på bruken av midlane i tråd med rapporteringskalender frå NFD. Det skal rapporterast på bruken av IBU-midlane frå IN sine distriktskontor til fylkeskommunane. Rapporteringa skal inngå i rapporten IN elles sender til fylkeskommunane. Rapporten skal vurdere verkemiddelbruken opp mot regionale føringar frå partnerskapen. Statistikk over fordeling til ulike grupper, som kvinner og unge, i dei ulike program og tenester skal synleggjerast slik at ein sikrar eit godt samanlikningsgrunnlag over tid.

6.2.3 Styringsmøte m.m.

Det vil bli lagt opp til to halvårsmøter i tillegg til kontaktmøter mellom LMD og IN i 2022. Det vil også etter planen bli lagt opp til ei fellessamling mellom fylkeskommunen, statsforvaltaren og IN i løpet av året.

Med helsing

Kristin Orlund (e.f.)
avdelingsdirektør

Siri Lothe
fagdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Agder fylkeskommune
Innlandet fylkeskommune
Kommunal- og distriktsdepartementet

KS - Kommunesektorens organisasjon
Landbruksdirektoratet
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Norges Bondelag
Norges skogeierforbund
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Norske Reindriftsamers Landsforbund
NORSKOG
Nærings- og fiskeridepartementet
Riksrevisjonen
Rogaland fylkeskommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statsforvalteren i Agder
Statsforvalteren i Innlandet
Statsforvalteren i Nordland
Statsforvalteren i Oslo og Viken
Statsforvalteren i Rogaland
Statsforvalteren i Troms og Finnmark
Statsforvalteren i Trøndelag
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Statsforvalteren i Vestland
Troms og Finnmark fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vestfold og Telemark fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
Viken fylkeskommune